



KODE KUNSTMUSEENE I BERGEN
Rasmus Meyers allé 9
5015 BERGEN

Dato: 11.01.2017
Vår ref.: 2016/3392-68
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.:

Att: Inger Hansen

Tilskot regionale kulturbygg 2014 Kode 4 og 2016 Kode 1

Vi viser til dykkar brev av 19. desember 2016 med førespurnad om utbetaling av tilskot til Kode 1.

Regionale kulturbygg har som generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling etter framdrift og likviditetsbehov. Søknad om delutbetaling må innehalde ein statusrapport om framdrift av arbeidet.

Vi ber om at statusrapport sendast Hordaland fylkeskommune før vi kan behandle ein førespurnad om delutbetaling.

Kode 4 fekk tilsegn om tilskot på kr 400 000,- den 28.8.2014 til nytt inngangsparti. Under generelle retningslinjer for løyvd tilskot står det:

2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.

Dersom de sender inn sluttrapport og revidert rekneskap innan 1. mars 2017 kan tilskotet framleis bli utbetalt. Dersom vi ikkje har motteke dette innan 1. mars vert tilskotet inndrege.

Ronny B Skaar
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.